



**Budsjett 2017 – Framlegg frå formannskapet**



Foto: Thor Andresen, Aurland

## Innholdsliste

Overordna kommentarar frå rådmann	s. 3-4
Framlegg til driftsbudsjett	s. 5
Kommentarar frå einingane	s. 6-18
Investeringsframlegg 2016	s. 18-19
Kommentarar til investeringsbudsjettet 2016	s. 20-22
Møtebok frå formannskapet 1.12.2016	23-31

## Overordna kommentarar

Utgangspunktet for budsjettet 2017 er økonomiplanen for 2017 – 2020. Rammene for tenesteeiningane er basert på tala frå økonomiplanen. Etter at økonomiplanen vart laga kom det melding om at eige-domsskatten på kraftverk blir redusert med ca 12 millionar frå 2016 til 2017. I økonomiplanen var det lagt inn ein reduksjon på 1 mill. kroner slik at utfordringa samanlikna med økonomiplanen var ein inntektsreduksjon på 11 mill. kroner. Etter at reduksjonen var kjent i midten av oktober har det vore ein ny runde med tenesteeiningane og det har vorte føreslege tiltak for å redusere Lønsvekst i 2017 er lagt inn med ein samla sum 2,5 millionar. Dette vil bli fordelt ut på einingane når me veit kor mykje det vil utgjere. Budsjettframlegget er gjennomgått med tenesteleiarane og ein del tiltak og grunnlagsendringar er lagt inn slik at ein har kome fram til nye rammer ut frå dette.

Det er gjort endringar framlegg til inntektsføresetnader med å auke forventa utbytte frå Aurland Ressursutvikling frå 4 til 5 millionar kroner og frå Aurland Energiverk frå 1,5 til 3 millionar kroner.

På investeringssida er det lagt inn framlegg om ein investeringssum på nye investeringar på kr 20.950.000 i 2017 samt vidareføring av budsjetterte investeringar frå 2015 på kr 36.850.000. I tillegg er det lagt inn investeringar etter flaumen med kr 26.000.000 som er finansiert gjennom bruk av skjønnsmidlar.

Framlegget til statsbudsjett for 2017 vart lagt fram torsdag 6. oktober. Her er ei kort oppsummering av endringar og forventningar for kommunen ut frå dette framlegget:

## Frie inntekter

Frie inntekter består av skatteinntekter og rammetilskot. Ut frå framlegget får Aurland kommune ein auke i desse inntektene på 1,5 % som tilsvarer ca 1,7 millionar kroner. Snittet for Sogn og Fjordane fylke er 2,1 % auke. Dersom Aurland hadde fått 2,1 % auke ville det medført ca 700.000 meir i frie inntekter.

Det ligg inne ein del punkt i rammetilskotet som ikkje er direkte øyremærka, men som inngår i utrekninga av tilskotet mellom anna:

- Styrking av tidleginnsats i grunnskule
- Kompetanse og vidareutdanning for lærarar
- Rusomsorg
- Styrking av habilitering og rehabilitering innan pleie og omsorg
- Dagaktivitetstilbod for personar med demens
- Investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar
- Satsing på skulehelsetenester og helsestasjonar
- Integrering av flyktningar
- Frivillegsentral
- Aktivitetsplikt for sosialhjelpmottakarar under 30 år

## Ressurskrevjande tenester

Innslagspunktet vert auka med kr 50.000 pr brukar. Aurland hadde i 2015 11 brukarar som betyr kr 550.000 i auka eigenandel.

## Inntektssystemet

Det er føreslege ein del endringar. Større del av inntekta kjem per innbyggjar, mindre per kommune. På grunn av store avstandar til regionsenter vil Aurland kome ut litt i pluss samanlikna med tidlegare.

## Overordna kommentarar inntekter

### Skatteinntekter

Skatteinntekter er lagt inn med kr 78.200.000 som er i tråd med siste prognose frå KS som kom etter framlegget til statsbudsjettet for 2017. Dette er ein auke på kr 2,3 millionar i høve forventa inntekt i 2016.

### Rammetilskot

Rammetilskotet er lagt inn med 40.000.000 millionar som er i tråd med siste KS – prognose som er oppdatert etter framlegget til statsbudsjettet for 2017.

### Eigedomsskatt

Ut frå oversikt frå Sentralskattekontoret vil eigedomsskatten på kraftverk bli redusert med kr 12.000.000 . Dette medfører ein samla reduksjon frå 55,0 millionar til 43,0 millionar.

### Konsesjonsavgift

Konsesjonsavgifta vart auka frå 14,0 mill til 15,3 mill i 2014. Auken kom som følgje av indeksregulering. Neste indeksregulering blir i 2019.

### Andre generelle statstilskot

Dette er i hovudsak tilskot frå Husbanken som gjeld rentekompensasjon på investeringar innan pleie og omsorg og skule. Tilskotet er renteavhengig og er lagt inn med 1,2 millionar i 2015.

### Sal av konsesjonskraft

Aurland kommune vidarefører avtalen med Aurland Energiverk om eit påslag på 5 øre/kwh. Dette vil medføre ein nettoinntekt for Aurland kommune på ca 4 millionar kroner.

### Utbyte

Det er lagt inn utbyte frå Aurland Energiverk AS med 3,0 mill og frå Aurland Ressursutvikling AS med 5,0 mill.

### Disposisjonsfond

Samla var disposisjonsfondet pr 31.12.2015 på 2,6 mill. Det er budsjettert med avsetning på kr 760.000 i framlegget. Samtidig ligg det inne bruk av disposisjonsfondet på einingar med kr 1.620.000. Rekneskapen for 2015 vil sannsynlegvis gje eit mindreforbruk som kan avsetjast til disp. fondet.

### Forventa renter/avdrag og låneportefølje 2017 – sjå tabell under

Lånenr	31.12.2016	Avdrag 2017	31.12.2017	Renter 2017	Låneform	Rentesats
24519371 KOMMUNALBANKEN II	8 602 000	748 000	7 854 000	164 560	Flytande	2,00 %
24519372 KOMMUNALBANKEN	23 040 000	-	23 040 000	460 800	Flytande	2,00 %
24519373 KOMMUNEKREDITT	10 082 498	1 061 316	9 021 182	191 037	Flytande	2,00 %
24519374 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20080412	4 875 000	375 000	4 500 000	93 750	Flytande	2,00 %
24519375 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20080413	4 434 140	375 000	4 059 140	84 933	Flytande	2,00 %
24519377 KLP KOMMUNEKREDITT LÅNNR 030 4	5 250 000	375 000	4 875 000	101 250	Flytande	2,00 %
24519378 KLP KOMMUNEKREDITT LÅNNR 030 4	5 250 000	375 000	4 875 000	101 250	Flytande	2,00 %
24519379 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20100248	10 548 750	727 500	9 821 250	372 771	Bunden rente	3,66 %
24519380 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20110174	6 308 500	407 000	5 901 500	122 100	Flytande	2,00 %
24519381 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20130561	1 620 000	90 000	1 530 000	31 500	Flytande	2,00 %
24519382 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20140012	3 700 000	200 000	3 500 000	72 000	Flytande	2,00 %
24519383 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20140565	11 520 000	480 000	11 040 000	338 400	Bunden rente	2,50 %
24519384 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20150580	6 650 000	266 000	6 384 000	299 130	Bunden rente	4,59 %
24519385 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20160505	-	437 900	10 947 500	109 475	Flytande	2,00 %
24531003 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20030218	2 500 000	1 000 000	1 500 000	40 000	Flytande	2,00 %
Nytt lån 2017	-	-	5 165 000	-	Flytande	2,00 %
TOTALT	104 380 888	6 917 716	114 013 572	2 582 956		

DRIFTSOVERSIKT	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017
<b>Budsjettskjema 1A - drift</b>			
Skatt på inntekt og formue	72 993 799	75 900 000	78 200 000
Ordinært rammetilskudd	102 498 000	39 300 000	40 000 000
Eigedomsskatt	55 273 850	54 600 000	43 000 000
Andre direkte eller indirekte skatter	15 383 219	15 300 000	15 300 000
Andre generelle statstilskudd	1 104 345	1 200 000	1 200 000
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>247 253 213</b>	<b>186 300 000</b>	<b>177 700 000</b>
Renteinntekter og utbytte	4 446 220	5 400 000	11 019 000
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)			
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	2 473 508	3 000 000	2 700 000
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)			
Netto avdragsutgifter	8 099 896	4 000 000	5 900 000
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-6 127 184</b>	<b>-1 600 000</b>	<b>2 419 000</b>
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk			
Til ubundne avsetninger	3 957 704	3 395 000	4 177 000
Til bundne avsetninger	94 385 272	17 300 000	16 300 000
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	1 224 704		
Bruk av ubundne avsetninger	6 090 689	1 000 000	-
Bruk av bundne avsetninger	26 719 054		
<b>Netto avsetninger</b>	<b>65 533 233</b>	<b>19 695 000</b>	<b>20 477 000</b>
Overført til investeringsbudsjettet	1 650 000	160 000	160 000
Til fordeling drift	175 167 501	163 645 000	159 482 000
<b>Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)</b>	<b>174 317 546</b>	<b>163 645 000</b>	<b>159 482 000</b>
<b>Mindreforbruk</b>	<b>849 955</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

	Budsjettskjema 1 B	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	(DRIFTSOVERSIKT)	2015	2016	2017
100	POLITISKE ORGAN	2 808 544	3 076 787	2 976 000
110	RÅDMANNSFUNKSJON	9 680 595	11 497 304	8 797 000
120	KULTUR	5 139 915	5 728 604	4 811 000
210	ABV	19 360 441	19 893 252	19 442 000
220	BARNEHAGAR	8 484 279	8 781 248	-
221	FLÅM BARNEHAGE	-		4 410 000
222	VANGEN BARNEHAGE			4 735 000
230	FLÅM SKULE	6 440 211	6 728 330	6 474 000
300	HELSE OG FØREBYGGJING	9 990 415	11 080 217	11 104 000
301	NAV	7 155 054	2 440 353	2 390 000
302	BARNEVERN	4 991 561	2 779 233	3 004 000
310	PLEIE OG OMSORG	53 637 798	60 357 437	57 409 000
500	TEKNISK	25 466 915	25 725 962	24 230 000
900	NØYTRALE INNTEKTER/UTGIFTER	12 025 581	11 456 273	11 200 000
	<b>SUM TENESTEEININGANE</b>	<b>165 181 309</b>	<b>169 545 000</b>	<b>160 982 000</b>
910	KONSESJONSKRAFT (kjøp/sal)	-5 677 019	-4 000 000	-4 000 000
	AVSETT TIL LØNSOPPGJER	-	-	2 500 000
810	OVERORDNA INNTEKTER/UTGIFTER	15 663 212	-1 900 000	
	<b>TOTALT FORDELT TIL DRIFT</b>	<b>175 167 502</b>	<b>163 645 000</b>	<b>159 482 000</b>
	Fordelt til drift (frå skjema 1A)	174 317 546	163 645 000	159 482 000
	Mindreforbruk	849 956	-	-

<b>INNSPARINGSTILTAK OPPSUMMERT PR EINING</b>		
<b>Ansvar 100 Politiske organ</b>		<b>400 000</b>
Avvikling folkevalddagen - flytte til kveld	300 000	
Reduksjon møter	100 000	
<b>Ansvar 110 Rådmannsfunksjonane</b>		<b>1 700 000</b>
Redusert bemanning	615 000	
Innsparing som følge av reduserte møter politisk	300 000	
Landbruk dekket av næringsfond	300 000	
Planarbeid dekket av næringsfond	350 000	
Diverse (papir, porto, telefon)	135 000	
<b>Ansvar 120 Kultur</b>		<b>930 000</b>
Bibliotekfunksjonen	430 000	
Nærmiljøtiltak ikkje vidareført	470 000	
Kulturmidlar	30 000	
<b>Ansvar 210 Aurland Barne- og ungdomsskule</b>		<b>780 000</b>
60 % redusert pedagogstilling frå august 2017	300 000	
36 % redusert stilling s frå august 2017	80 000	
Justering av skuleskyssgrensene hausten 2017	40 000	
Slutt på gratis skulefrukt frå januar 2017	80 000	
Halde SFO stengt i alle skuleferiar	30 000	
Auke inntekter	80 000	
Kutt i innkjøpsbudsjettet for skule og SFO	150 000	
Kutte tilbod om vidareutdanning	20 000	
<b>Ansvar 221 og 222 Kommunale barnehagar</b>		<b>625 000</b>
Feriestengt	375 000	
40 % stilling	250 000	
<b>Ansvar 230 Flåm skule</b>		<b>273 000</b>
Vikarbudsjetten skulen frå januar	20 000	
Gratis skulefrukt frå januar	19 000	
Ikkje symjing i AIS frå aug. 2017	25 000	
Samanslåing av fire klassar i symjing jan - juni	17 000	
Tiltak til ABU frå aug. 2017 - red.assistent 73%	150 000	
Assistent SFO med 15% frå aug. 2017	25 000	
Diverse	17 000	
<b>Ansvar 300 Helse og førebyggjande</b>		<b>0</b>
<b>Ansvar 301 NAV</b>		<b>50</b>
Støttekontakt	50	
<b>Ansvar 302 Barnevern</b>		<b>0</b>
<b>Ansvar 310 Pleie og omsorg</b>		<b>3 000 000</b>
Auka inntekter	200 000	
Reduksjon vikarbudsjetten	300 000	
Redusere kjøp av tenester frå private	2 500 000	
<b>Ansvar 500 Teknisk</b>		<b>1 500 000</b>
Næringsbygg/næringsareal	500 000	
Straum	1 000 000	
<b>Ansvar 900 Nøytrale inntekter/kostnader</b>		<b>250 000</b>
Velferdsmidlar	80 000	
Bedriftshelseteneste	170 000	
<b>Sum innsparingar</b>		<b>9 458 050</b>
<b>Tilførte midlar</b>		<b>3 675 000</b>
Politisk leing (stortingsval 2017)	150 000	
Tiltak ABU	325 000	
Tiltak barnevern	220 000	
Barnehagar feil grunnlag 2016	480 000	
Lønsoppgjer 2017	2 500 000	
<b>Netto innsparing</b>		<b>5 783 050</b>

## KOMMENTARAR TIL EININGANE

### Ansvar 100 (politiske organ)

Politiske organ er vidareført som i 2016. Det er lagt inn kr 150.000 i auke i samband med stortingsvalet 2017. Det blir gjort framlegg om endra utvalsstruktur. Folkevalddagen blir fjerna i 2017. Dette vil medføre reduserte kostnader både innan ansvar 100 og ansvar 110.

### Ansvar 110 (sentraladministrasjon)

Ansvar 110 omfattar rådmannsfunksjon, politisk sekretariat, støtte- og stabsfunksjonar.

Mål for budsjettåret er å følgje opp målsettingane i kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan. Målområda i handlingsdelen omfattar reduksjon av kostnader gjennom utnytting av IKT og med fokus på arbeidsflyt, organisasjonsutvikling (forvaltning, arbeidsmiljø og sørviserklæringar). I tillegg kjem oppfølging av forvaltningsrevisjon retta mot sakshandsaming, kompetanse og fristar i Aurland kommune som vart starta opp hausten 2016.

Større prosjekt/aktivitetar med særskilt finansiering:

- Stortingsval (auka ramme ansvar 100)
- Planarbeid (Sjå omtale ansvar 900).
- Avlevering av papirarkiv til fylkesarkivet – arbeidet starta opp hausten 2016 (finansiert ved bruk av disposisjonsfond)

Større prosjekt/aktivitetar utan særskilt finansiering:

- Effektiviseringsnettverk for barnevern (framhald frå 2016) – læringsnettverk for administrasjon og leiinga i barnevernet. Målet er å utarbeide tenesteanalyse som verktøy for dialog med folkevalde om framtidens barnevern
- Den gode skule- og barnehageeigar – læringsnettverk for administrasjon og folkevalde. Målet med programmet er å gi barnehage- og skuleeigarane meir kunnskap og fleire vektøy for å jobbe for betre gjennomføring og kvalitet i heile grunnopplæringa.
- Plan for psykisk helse i skular og barnehagar – eit delprosjekt i utviklingsprogrammet «system for styrka læring». Eit delmål for kommunen er å styrke tverrfagleg samhandling til beste for barn og unge. Som ein del av prosjektet har det tidelgar evore kurs for pedagogisk personale i skulane.

## Ansvar 120 KULTUR

### 12018. Kulturadministrasjon

For å møte krava om driftsreduksjon i 2017 har kultureininga følgende forslag til tiltak :

- Reduksjon i kjøp av teneste frå private - kr. 35.000 (konsulentteneste spelemidlar og dans i musikk- og kulturskule)
- Reduksjon i disponible midlar til Galleri Vinjum (frå 95.651 til 65.742, reduksjon: 30.000)
- Biblioteksjefen går av 01.02.2016 med verknad frå og med 01.01.17 pga ferieavvikling. Stillinga blir lyst ut i 20%. Ei 30% bibliotekmedarbeidarstilling blir gjort om til arbeidsleiarstilling for å bistå biblioteksjefen. Effektiv sparing: ca. kr. 310.000
- Generelle kulturtiltak:
- Kr 470.000 i nærmiljømidlar vart avsett til konkrete tiltak. Dette fell bort
- Driftstilskotet til kino blir redusert frå 70.000 til 65.000 (reduksjon 5.000)
- Kulturmidlar blir redusert frå 330.000 til 300.000 (reduksjon 30.000)

Folkehelsekoordinator:

Etter folkehelselova har kommunen ansvar for ein del oppgåver innanfor folkehelse. Aurland kommune hadde fram til 2016 ein folkehelsekoordinatorstilling i 50%, delvis finansiert gjennom fylkeskommunal støtte. Denne støtteordninga (kr. 150.000) vert avvikla frå og med 01.01.17. Frå denne datoen går folkehelsekoordinator over i ein kulturkonsulentstilling, med folkehelseoppgåver som del av stillinga. Tenesteleiar for kultur har frå denne datoen overordna ansvar for folkehelseoversikten. Stillinga til tidlegare folkehelsekoordinator blir finansiert ved å ikkje utlyse biblioteksjefstillinga fult ut.

Musea i Sogn og Fjordane – endring i driftsavtale:

Musea i Sogn og Fjordane har utarbeida nye kommunale driftsavtaler. For Aurland kommune vil dette føre til ei auke i årleg driftstilskot frå kr. 63.447 til kr. 86.579. Formannskapet har i møte 06.10.2016 godkjend framlegget til ny driftsavtale (FS-058/16). Det nye driftstilskotet er innarbeid i kulturbudsjettet 2017 (meirutgift: kr. 23.132).

### Ansvar 210 (Aurland Barne- og ungdomsskule og vaksenopplæring)

Ansvar 210 har desse funksjonane (tenestene):

Funksjon 20210 – ABU grunnskule

Funksjon 21310 – Vaksenopplæringa

Funksjon 21510 – ABU SFO

Funksjon 22210 – ABU skuleskyss

I økonomiplanen ligg desse forventningane til skulane:



- System for styrka læring (reducere bruk av spesialundervisning og auke læringsutbytte til elevane)
- Kompetanseutvikling
- Den gode skuleeigar
- Fokehelse – ASK (Aktive Smarter Kids)
- Norskopplæring

#### **Budsjettramme:**

Budsjettramma for 2017 er på 19,550 mill. for heile tenesteeininga. Eininga har funne tiltak for reduksjon frå 2016 budsjettet på kr 335 000,-

#### **Konsekvensar:**

-ABU har lagt opp til ein reduksjon av 60 % lærarstilling, og 36% fagarbeidar/assistentstilling frå hausten 2017. Det er uheldig å endre på ressurstilgangen av vaksne i skulen midt i skuleåret, difor vel me å legge den reduksjonen til komande skuleår.

-Lågare lærartettleik frå august 2017 vil først og fremst råke tolærarsystemet på dei områda me har prioritert høgast; dei tre basisfaga norsk, engelsk og matematikk.

-Me kan risikere at lågare lærartettleik vil kunne føre til auka behov for spesialundervisning som ein i dag løyser innanfor tilpassa opplæring med tolærarsystem. Dette vil vere å gå i motsett retning i høve det regionale satsingsområdet «System for styrka læring» som Aurland har teke del i dei siste åra. Skulen har meir enn halvert bruken av spesialundervisning som eit resultat av auka satsing på tolærarressurs i skulen. Dette ser me gir særleg god læringseffekt for alle elevane våre.

-Prosjekt for justering av skyssgrenser må gjennomførast før august 2017 for å kunne spare på skuleskyss komande skuleår. Det er vanskeleg å stipulere eit innsparingsbeløp, men eg har valt å setje det til kr 40 000,- Det er høg usikkerheit knytt til den grove prognosen og realismen i å få gjennomført eit slikt prosjekt i vårhalvåret.

-Ordninga med skulefrukt opphøyrer frå januar 2017. Me har hatt gode erfaringar med utdeling av gratis skulefrukt til alle elevar i mange år. Særleg opplever me det som viktig at elevar på ungdomssteget får eit bidrag i høve sunt kosthald. Men dersom me set ordninga opp mot vaksenressursar i undervisninga, er det vanskeleg å forsvare ein bruk på om lag 80 000 kr årleg på skulefrukt.

-Det er viktig å sjå på inntektsida ved skuledrifta, og i den samanheng har me valt å anbefale ei auke i brukarbetaling for SFO. Aurland ligg på langt lågare betalingssats enn andre kommunar i Sogn, og det er so leis ikkje umogeleg å justere satsen opp med 25% for 2017. Då vil ein auke frå kr 1074,- til omlag kr 1340,- for ei opphaldstid under 14 t/veka, medan ein aukar satsen frå kr 1364,- til om lag kr 1705,- for opphaldstid over 14 timar. Betalingssats må endrast for å oppnå slik effekt.

-Å halde SFO stengt i alle feriar vil kunne gje ei innsparing på om lag 30 000 kr. Då betyr det at ein held stengt også siste del av juni og første del av august. Vanleg praksis tidlegare år har vore stengt juli månad. For å kunne gjennomføre dette tiltaket må vedtektene for SFO endrast.

-ABU legg opp til eit kutt på innkjøpsbudsjettet på om lag kr 150 000,- fordelt på skule og SFO. I tillegg kjem den nemnde innsparinga på skulefrukt. Konsekvensar av dette kan vere at me ikkje kan kjøpe inn så mange nye lærebøker som me har gjort dei siste åra. Fleire av læreverka treng utskifting grunna alder og aktualitet, men det må heller kompenseras med bruk av nettressursar. Mellomsteget har eit stort behov for nye elev-pc'ar til ein kostnad på om lag 70 000 kr, noko som kan bety ei utsetjast til seinare år.

-Skulen har ikkje avsett midlar til vidareutdanning av lærarar i 2017, og dette vert truleg ikkje mogeleg med ramma for 2017. Det er viktig at ein skule held seg fagleg oppdatert og nyttar mogelegheit til å vidareutdanne seg «etter den statlege modellen» som tyder at staten dekker om lag 75% av utgiftene .

-Skulen er særst positiv til å ta inn lærling, men utan ekstra finansiering av ei slik stilling vil det verte vanskeleg. Det er ynskjeleg at kommunen har ein eigen «funksjon» merka lærling, der det er avsett midlar til eit slikt viktig rekrutteringstiltak.

-Me får ei grunnlagsendring ved ABU skuleåret 2017/18 då ein nye elev med omfattande særskilt tilrettelegging skal byrje hjå oss. Det vil krevje betydelege ressursar.

-Skulen har fått melding om at me truleg får flyktningar som vil starte som elevar hjå oss i november 2016. Det vert truleg 3-5 elevar som fell inn under ABU sitt ansvarsområde. Ved å gje dei to timar særskilt norskopplæring kvar dag vil kostnaden verte om lag 300 000 kr. Det er ikkje budsjettert for dette i 2017, då ein meiner at desse utgiftene kan dekkast av integreringstilskotet som kommunen vil motta.

-I den sentrale arbeidstidsavtalen for lærarane har ein rett på reduksjon i undervisningsplikta si etter fylte 55 år. For skuleåret 2016/17 utgjer desse livsfasetiltaka om lag ein 100 % lærarstilling på ABU. Den ressursen skal nyttast til anna avtalt arbeid enn undervisning, og det gjer at skulen «mistar» undervisningstimar.

-Tidleg innsats: Staten gir øyremerka tilbod til styrka opplæring i 1.-4.klasse. For ABU utgjer dette om lag 170 000 kr i 2016. Dette må nyttast i samsvar med kriteria for tilskotet, og skal rapporterast til Fylkesmannen.

## **Ansvar 221 Flåm barnehage og ansvar 222 Vangen barnehage**

Budsjettet til Aurland kommunale barnehagar 2016, går over til to ulike ansvar i 2017. Barnehagane er nokså like i størrelse når det gjeld tilsette og barnetal, det gjer at fleire av artane i budsjettet er delt mellom barnehagane. Sluttresultatet viser eit resultat av at me har vorte to funksjonar/einingar, i tillegg vart det gjort ei lønnsauke i mai 2016.

Bemanninga i barnehagen føl Barnehageloven 2016. Aurland kommunale barnehagar har eit

fleksibelt opptakssystem, dersom kommunen hadde gått for 2 hovudopptak ville det gitt enklare planlegging og tryggare økonomisk styring ved at barn ikkje vil starte gjennom heile året, men to gonger i året. Barnehage vedtektene, vedteke av kommunestyret 14.04.2016, seier at barnehagen skal gjennomføre kontinuerlig opptak gjennom heile året. § 7.3 Konsekvens av dette er at me må kunne tilsette nytt personale dersom barnetalet går over dei forskriftene Barnehagelova har fremja. Den einaste måten kommunale barnehagar kan garantera full barnehagedekning til ei kvar tid, er ved å ha mogleg overkapasitet i periodar. Derfor er det viktig at planlegging og bygging av ny barnehage får prioritet. Stenging av barnehagane 3v i juli samt jul og påske, er det som kan gje effekt, ein kan spare 470 000. Det vil spare utgifter til ferievikarar og det vil medføra at ferieavviklinga kan gi meir samanhengande drift utan stor bruk av vikarar gjennom året . Dersom dette skal gjennomførast må vedtektene for barnehagane endrast under § 11.2 Ferie.

### **Behov for midlar til kompetanseheving**

Alle tilsette er med i dei regionale nettverka, dette er med å utvikle dei sju fagområda i barnehagane. Innanfor psykisk helse, har Sogn regionsråd laga ein regional plan. Den skal medverke til at alle som arbeider med barn og unge i regionen i større grad skal få ei sams forståing av kva me legg i omgrepet psykisk helse, og korleis vi forstår arbeidet med å styrkje barn og unge si helse.

Kommunikasjon og språk, barnehagen skal anerkjenne barnas ulike språk og kommunikasjonsuttrykk og verdsette mangfald. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og alle barn skal få delta i aktivitetar som fremmer kommunikasjon og en heilskapleg språkutvikling.

Den nye rammeplanen 2017 krev tydelig føring for barnehagens ansvar for å sikre at barn med et anna morsmål enn norsk får god oppfølging i utviklinga av norsk som andre språk. Det skal implementerast ny Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver i 2017. Rammeplanen er en forskrift til barnehageloven, jf § 2 sjuande ledd. Det er viktig at me begynnar tidligast mulig med implementering av Rammeplan, slik at me kan iverksetjing planen til nytt barnehageåret 2017.

### **Ansvar 230 (Flåm skule)**

Budsjettramme for budsjettåret 2017 er 6 446 000 - ein reduksjon på vel 282 000 kr. frå 2016-budsjettet. Framlegget til kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan for 2017 – 2021 legg opp til ein reduksjon i perioden på kr. 850 000, ein reduksjon på heile 12,9 % frå 2016-budsjettet. Dette vil ikkje late seg gjere utan å seia opp tilsette.

### **Satsingsområda i planperioden 2016 – 2020**

Prosjektet "system for styrka læring" for skulane i indre Sogn skal vare til 2021 og har som hovudmål å auke læringsutbyttet for alle, tilpassa opplæringa betre og redusera bruken av spesialundervisning. Opplæringslova pålegg oss i § 1-3 "1. - 4. trinn skal kommunen sørge for at den tilpassa opplæringa i norsk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik". Kommunen får overførte midlar i rammetilskotet som skal gå til styrking av lærartettleiken på 1. – 4. steg. Kor mykje dette utgjer for Flåm skule sin del komande år, og korleis dette er tenkt tilført budsjettet, er litt uklart.

Vi har greidd å styrke mest på 1. og 2. steget, men på 3. og 4. steget har vi berre ressursar til å nytte to-lærarsystem i halvparten av norsktimane og ein tredjedel av timane i matematikk

dette skuleåret. På 5., 6. og 7. steg er dei tre klassane delte i to grupper i matematikk og engelsk, men vi har ikkje ressursar til å dela klassane i norsk. Frå hausten 2017 vil vi få ein reduksjon knytt til spesialpedagogiske tiltak etter opplæringslova § 5-1. Då vil vi kunne styrke lærartettleiken noko meir også på 3. og 4. steget.

Vi har som mål at vi på sikt skal kunne få så god effekt av omlegginga i ressursbruk at vi vil få færre vedtak om spesialundervisning. Ein føresetnad for dette er at vaksentettleiken er på eit nivå som kan møte utfordringane til den einskilde eleven innafor rammene i klasserommet. Dette kan bli utfordrande med ei innsparing av ein slik storleik som kommuneplanen skisserer.

### **Utvikling**

Skuleåret 2016/2017 tek to lærarar vidareutdanning i norsk og engelsk delvis dekt av staten si tilskotsordning. Ein nyutdanna lærarar får rettleiing etter rettleiingsplan for nyutdanna pedagogar. Saman med lærarane på ABU skal Flåm skule delta på kompetanseheving i prosjektet "Ungdomssteg i utvikling". Vi er også godt i gang med prosjektet ASK – aktiv læring, det vil seia fysisk aktivitet knytt til læring i alle fag.

Frå denne hausten har vi sett av ressursar frå rammetimane til ein lærar som har ansvar for IKT. Dette har synt seg å vera ei klok prioritering om vi skal nå måla om digital kompetanse i læreplanen. Det har vore mykje omorganisering på den digitale sida i ÅLA i haust, og framleis slit vi ein del på den tekniske sida med kapasiteten på nett og linjer i tillegg til maskinvare som treng utskifting og oppgradering.

Frå hausten 2016 har vi fått lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Vi har ikkje lønsmidlar på vårt budsjett til lærling, og det har ikkje vore mogeleg å budsjettere med lønsmidlar for 2017 innafor budsjetttramma. Å ha lærling er nytt for Flåm skule, men det er ei glede å få ta del i utdanninga til ein fagarbeidar. I tillegg kjem verdiskapinga ved å ha lærling som vi og kommunen får stor nytte av.

### **Økonomi og konsekvensar av budsjettreduksjon**

For å nå budsjetttramma for 2017 må vi gjere følgjande tiltak:

- Vikarbudsjettet på skulen vert teke vekk frå januar 2017 – innsparing 20 000 kr. Ved trong for vikar må dette dekkast av rektor eller leiar på SFO. Det kan bli ei utfordring å dekke opp ev. lengre sjukefråvær.
- Ordninga med gratis skulefrukt fell vekk frå januar 2017 – innsparing 19 000 kr.
- Etter opplysning frå leiar ved KDE vert bassenget stengt for renovering frå sommaren 2017. Badebuss til AIS for symjeopplæring fell då vekk frå hausten 2017 – innsparing 25 000 kr.
- Samanslåing av fire klassesteg for å ha symjeopplæring i AIS våren 2017 – innsparing 17 000 kr.
- Eit elevtiltak fell vekk på Flåm då eleven startar på ungdomsskulen hausten 2017. Det vil føre til ein reduksjon i assistentressursen på skule og SFO i fem månader med til saman 73% - ei innsparing på om lag 150 000 kr.
- Ytterlegare reduksjon av noverande stillingar på SFO med om lag 15% frå og med hausten 2017. Vi vil då ha leiar og *ein* assistent knytt fast til SFO. Vi må i tillegg behalda ein tredje assistent fire ettermiddagar i veka, medan leiar på SFO nyttar delt dagsverk den femte dagen for å dekkja opp både morgon- og ettermiddagsvakta. Det

betyr at delar av stillinga til eine assistenten må seiast opp. Dette vil gi oss ei innsparing på 25 000 kr. for hausten 2017.

Vi har alltid usikre moment knytt til SFO sidan vi ikkje veit kor mange som søker borna inn på SFO på den tida budsjettet vert lagt. Det er også dei tilsette i SFO som gir det lovpålagte tilbodet om leksehjelp. Det gjer at ein må vera godt nok bemanna på SFO for å dekkja behovet både for dei som ynskjer leksehjelp og for dei som vel det vekk og skal ha andre aktivitetar. I grunnskulen skal vi, etter opplæringslova, gi eit tilbod om åtte timar leksehjelp i veka, men det er opp til skuleeigar å bestemma kor desse timane skal leggst. Ein kan til dømes velje å sjå heile grunnskuleløpet i eitt. Dersom ein vel å gi delar av dette tilbodet i ungdomsskulen, vil tilbodet kunne reduserast tilsvarande på Flåm skule. Dette vil likevel ikkje føre til innsparingar totalt for kommunen sidan delar av ressursbehovet vert flytt til eit anna eining.

- Resten av reduksjonane må gå på å "krympe" alle allereie små budsjettpostar for å koma i mål med innsparinga. Til dømes er budsjettpostane på SFO i storleiken i hovudsak frå 1000 til 5000 kr. – med *ein* "høg" post på 10 000 kr. Det fører til at budsjettreduksjonen går ut over arbeidsmateriell i ulike fag, ekskursjonar, kursaktivitet (som frå før er minimal), oppgradering av utstyr m.m.

Elevtalet på Flåm skule har ei positiv utvikling og vil auke jamt og trutt framover i planperioden 2017 - 2021. Ein budsjettreduksjon kan difor ikkje grunngjevast i at skulen får færre elevar. Store reduksjonar i budsjett og ressursar vil føre til harde prioriteringar for å følgje opplæringslova og for å nå mål i læreplanen. Kvaliteten på tenesta vil sjølvstundt verte påverka av dette.

### **Ansvar 300 (Helse og førebyggjing)**

Helse og førebyggjing er igjennom 2016 tillagt nye arbeidsoppgåver. Rus, sals og skjenkeløyve samt serveringsløyve, serviceskyss og koordinerande eining.

Budsjettet for 2017 legg opp til ein vidareføring av drifta på dagens nivå.

I 2017 er det planlagt å starte arbeidet med Frisklivssentral. Fysioterapeutane vil saman med ergoterapitenesta i perioden januar – april arrangere fallførebyggjande kurs for eldre. Ein konsekvens av at ressursane vert vridd mot meir førebyggjande arbeid, kan være at det vil bli noko ventetid ved desse tenestane.

Frå 01.01.2017 får kommunane ansvar for kommunalt akutt døgntilbod for personar med rus og psykiske helseplagar. Tilbodet vert lagt til det eksisterande tilbodet innan somatikk ved Sogn Lokalmedisinske senter. Ein reknar med at liggetida for denne pasientgruppa vert noko lengre enn for dei somatiske pasientane, då nokre av behandlingsplanane i denne pasientgruppa strekk seg over eit lengre tidsintervall.

Tidspunkt for når kommunane får ansvar for utskrivingsklare pasientar innan rus og psykisk helse er pr i dag uklart. Men ein reknar med at det kjem innan 2018. Konsekvensane dette har for kommunane er uklart pr i dag. Men dette vil bli arbeidd med i 2017.

Rustenesta vil saman med Aurland Barne og Ungdomsskule gjennomføre ungdatabundersøking på våren 2017.

Tenesta har i 2016 hatt treningskontakt på prosjektmidlar frå fylkesmannen. Dette i samarbeid med Lærdal kommune. Midlar som ikkje er nytta i 2016 vert søkt om og overført til 2017, for vi for dei somatiske pasientane, då nokre av behandlingsplanane i denne pasientgruppa strekk seg over eit lengre tidsintervall.

Sogn lokalmedisinske senter er frå 2017 ein eigen funksjon under Helse og førebygging. Finansieringa av dei kommunale akutte døgnseingane (KAD) er endra med verknad frå 2016. Her har lokalmedisinsk senter tidlegare motteke direkte tilskott. Frå 2016 er tilskotte til kommunane overført til den enkelte kommune, då som del av rammeoverføringane. Totalutgiftene til drift av lokalmedisinsk senter er på same nivå som tidlegare, men finansieringsordninga er endra.

Kommuneoverlege i Aurland starta hausten 2016 som fagansvarleg lege ved dei kommunale akutte døgnseingene ved Sogn Lokalmedisinske senter. Leger frå Aurland utfører frå same tidspunkt halvparten av legetilsynet ved seingene i Lærdal.

Det er ein målsetning for 2017 å få på plass telemedisinsk utstyr og ta dette i bruk i konsultasjonane ved legekantoret.

Det er også naturleg å sjå på om ein kan lege fleire tenester til Sogn Lokalmedisinske senter.

Helsestasjon, Rus og psykisk helse starta i 2016 eit tettare samarbeid med barnehagane med fokus på psykisk helse. Denne satsinga vert vidareført i 2017, og det vert jobba med nye fora og rutinar for samarbeid. Ein vil også arbeide med tettare samarbeid med skulane.

### **Ansvar 301 (NAV)**

I første utkast til budsjett fekk NAV Aurland tildelt om lag 2,46 mill. I prosess med økonomisjef og rådmann vart området NAV utfordra til å ta ned budsjettet til 2,39 mill. Det betyr eit nedtrekk på kr 70.000. NAV Aurland har kun ei heil kommunal stilling innanfor tenesteområdet til økonomisk sosialhjelp, økonomisk rådgjeving, bankområde startlån og tilskott, noko som er ei svært knapp bemanning. I tillegg har vi ei stilling innanfor flyktningteneste. Vi har greidd å redusere budsjettet ned til 2,39 mill. Det er justert litt ned på småpostane og i tillegg er budsjettet saldert med nedtrekk i sosialhjelpa. Sosialhjelpa er ei lovpålagt yting, den kan variere frå år til år og budsjetteringa er difor skjønsmessig.

Sett frå NAV si side er det budsjettert med ein kostnad til sosialhjelp som kan vere i knappaste laget. NAV Aurland minner difor om denne risikoen i samband med redusert budsjetttråme.

### **Ansvar 302 (barnevern)**

Aurland og Lærdal barnevern har laga budsjett ut frå dei sakene som er kjend per november 16.

Det kan bli endring i eksisterande tiltak, men slik det ser ut i dag vil det ikkje medføre meirkostnader.

Barnevernet har lagd inn eit tiltak som er venta, men som ein per i dag ikkje kjenner omfanget av. Det er lagd inn kr 270 000 på dette tiltaket, men kostnadene kan bli større.

Barnevernet har lagt seg på lågast mogleg nivå i høve til administrasjonskostnader, og har i liten grad høve til å spare på tiltaksdelen i budsjettet. Det er føringar for dette både i kommunelova og barneverntjenestelova.

I den grad barnevernet skal kunne føreta reelle innsparingar må det sjåast på stillingar og bruken av desse. Per i dag er alle stillingar besatt, og ein reduksjon her vil kun vere mogleg gjennom oppseiing.

Det kan vere gode moglegheiter til effektivisering og innsparingar gjennom å bruke ressursane i høve tiltak meir på tvers av einingane i kommunen. Det er grunn til å tru at tiltaksressursar både i skule, helse og førebygging, NAV(flyktingar) og barnevern jobbar med same oppgåver og kan overlape kvarandre. Dette er eit område som bør gjennomgåast med tanke på å skape ein felles tiltaksbank for barn og unge i Aurland kommune.

#### **Ansvar 310 (pleie og omsorg)**

Budsjettet for pleie og omsorg omfattar desse funksjonane:

12022 Adm. Pleie/omsorg

23410 Aktivitetar eldre/funksjonshemma

25310 Aurland helsetun

25312 Aurland helsetun – kjøkken

25402 Spesielt tilrettelagde heimetenester

25410 Praktisk bistand/heimehjelp

25411 Heimesjukepleie

25412 Vårdraum

25314 Vettlei

25414 Dagtilbod for heimebuande personar med demens

Budsjettramma til pleie og omsorg for 2017 er sett til 57 264 000,-. Dette utgjer *ein reduksjon på 3 mill* i høve aktivitetsnivå og budsjett for inneverande år. Utfordringane for tenesteområdet ligg i at etterspørsel og behov for lovpålagde tenester er aukande. Dette gjeld tenester til både eldre (over 67 år) og yngre (under 67 år).

Tiltak for å redusere budsjettet:

- Forventa auke i brukarbetaling ved Aurland helsetun ettersom pasientstraumen er aukande

- Framlegg om å auke eigenbetaling for tenester som heimehjelp/praktisk bistand, middagsbringning til heimebuande, leige av trygghetsalarmar og dagtilbod – her ligg Aurland kommune lågt samalikna med dei fleste andre kommunar
- Reduksjon i vikarbudsjetten. Dette tyder at pleie og omsorgstenestene ikkje kan ta inn vikarar ved alt fråver, og at brukarar i viss høve må vente på tenester eller får avlyst oppdrag som er avtalt
- Redusere kjøp av tenester frå private og planlegge for meir drift i kommunal regi
- Reforhandle prisar med private samarbeidsaktørar

Elles jobbar pleie og omsorg no med oppfølging etter gjennomgang og rapport frå Ressurscenter for omstilling i kommunene (RO). Prosjektgruppa som er i sving skal komme med framlegg til tiltak innan 1. desember 2016. Økonomi er sjølvstøtt sentralt i dette arbeidet, i tillegg til utvikling og planlegging for utfordringar i drift av pleie og omsorgstenestene vi veit vil komme i åra framover.

### **Ansvar 500 (teknisk)**

Kommunal driftseining legg fram eit netto driftsbudsjett for 2016 på kr 24,229 mill. Budsjettråme er redusert med mill. i høve til tidlegare budsjettråme i handlingsdel. Reduksjon av driftsbudsjettet med ein mill. er i hovudsak føreteke på art 11810- straum. Hovudårsaka til dette er mellom anna forventa nedgang i energibruk i AIS som følgje av stengt basseng i samband med rehabilitering av symjehallen. Driftsbudsjett for teknisk er i hovudsak delt inn slik:

#### **Løn:**

Løn for 2017 inneheld løn til alle faste stillingar, samt løn til variabelt reinhald, badevakt og treningsvakt (Aurlandshallen)

#### **Kontraktfesta ytingar:**

Dette utgjer utgifter Aurland kommune er forplikta til å betale gjennom avtalar/kontraktar som er inngått. Døme på dette er:

- Straum
- Kommunale avgifter
- Forsikringar
- Service/driftsavtalar

Dette er postar ikkje kan endrast på kort sikt utan det får konsekvensar for drifta. Framlegg til driftsbudsjett legg elles til grunn at utgifter til grøntanlegg vert vidareført med same ugift som i 2016. I løpet av 2017 vert det henta inn nytt anbod på drift av grøntanlegg. I samband med dette må det vurderast omfang av areal som skal haldast vedlike av Aurland kommune.

#### **Drift- vedlikehald:**

Den løpande drift av eininga vert krevjande også i 2017. Desse postane er i innsatsmidlar som eininga nyttar til "å halde hjula i gang" til løpande drift i form av materialkjøp og eksterne kjøp av tenester til vedlikehald av infrastruktur og eigedomar som Kommunal driftseining har ansvar for.

#### **I inntekter:**

Det vert ikkje føreslege gebyrauke på vatn og avløp som følgje av det er tilnærma sjølvkost innan dette området. Anslag for gebyr innan VA sektoren er og justert ned i samsvar med inntekter i 2016.

### **Ansvar 900 – Nøytrale inntekter/ utgifter**

Ansvar 900 består av funksjonar som ikkje naturleg høyrer til nokre av einingane.

Følgjande funksjonar med tilhøyrande budsjettal for 2017 ligg her:



Ansvar 900 Nøytrale inntekter/kostnader		Budsjett 2017
10020	AMU (arbeidsmiljøutvalet)	150 000
10024	Revisjon	460 000
10025	Kontrollutval	153 500
12014	Fellesutgifter	475 000
12015	Fellesutgifter IKT	2 961 000
12016	Hovudtillitsvald	280 500
19010	PP - teneste	700 000
20115	Tilskot Spiren Barnehage	3 000 000
23311	Bedriftshelsetenesta	200 000
32510	Bruk av næringsfondet	16 300 000
39010	Kyrkjeleg Fellesråd	2 750 000
39200	Andre religionar	70 000
	<b>Sum ansvar 900</b>	<b>27 500 000</b>

### Buss Aurland – Sogndal

Kostnader til buss er vidareført i 2017 med netto kr 1,5 mill som er dekkja av konsesjonsavgiftsfondet.

### IKT fellesutgifter

Kostnadane er samla om lag på same nivå som i 2016. Kostnader til programvarelisensar er flytta over til einingar. Det er gjort ny delavtale på drift av plattform og fagsystem med Årdal kommune. Denne gjeld frå 1. januar 2017. I avtalen ligg det inne at ein betaler ein fast sum årleg pr server me er med på. Dette gir ein auke i budsjettet med gir på den andre sida faste og forutsigbare kostnader. Godtgjersla til Årdal for å vere vertskommune er og auka med kr 150.000 i 2017. Etter ÅLA-nøkkel betaler me 25,7 % av denne summen.

### Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

Velferdstiltak er redusert frå kr 200.000 til kr 120.000.

### Kyrkjeleg fellesråd

Tilskot til kyrkjeleg fellesråd er auka med kr 70.000 frå kr 2.680.000 til kr 2.750.000. Auken tilsvarear løns- og prisauke.

### Konsesjonsavgiftsfondet

Avsetning til konsesjonsavgiftsfondet med kr 16,3 millionar er ført som kostnad her på ansvar 900. Dette er 15,3 mill i konsesjonsavgift og 1 mill i renter og avdrag på lån gjeve frå fondet. Det vil bli utarbeidd eit eige budsjett for konsesjonsavgiftsfondet på nyåret.

### Andre tilskot frå konsesjonsavgiftsfondet

Det er vidareført tilskot til Visit Sognefjord (kr 1.000.000) og Nærøyfjorden Verdsarvpark (kr 300.000). Planarbeid er dekkja med ei halv stilling frå fondet samt kostnader til konsulenttenester. Innan landbruk er ein del av kostnadane (kr 300.000) til samarbeidet med Lærdal dekkja frå fondet. I tillegg er tilskot til dyrlege (kr 150.000), skotpremiar (kr 30.000) og fiskeforvaltning (kr 40.000) dekkja frå konsesjonsavgiftsfondet. Tilskot til spreidd busetnad ligg inne med kr 800.000. Tilskot til nynorske litteraturdagar ligg inne med kr 400.000. Andre tilskot blir gjeve etter søknad.

### Planarbeid

I samband med gjennomføring av planarbeid er det sett av 1,650 mill. som bruk av næringsfond til kjøp av tenester. Oversikt over planar der det er aktuelt å nytte eksterne konsulentar:

1. slutthandsaming av områderegulering i Undredal

2. områderegulering Flåm
3. kommuneplanen sin samfunnsdel
4. lokalisering av ny barnehage
5. i tillegg kjem fleire mindre reguleringsplanar

### Spiren Barnehage

Tilskot til Spiren Barnehage er vidareført med kr 3 mill (det same som for 2016).

### Revisjon, kontrollutval, fellesutgifter, hovudtillitsvald, PP – teneste, bedriftshelseteneste

Er vidareført på om lag same nivå som i 2016

### Parkeringsavgift i Flåm sentrum

For å betre trafikkflyt og tryggleik samt å kunne handtere eit aukande parkeringsbehov og unødvendig parkering blir det føreslege å innføre parkeringsavgift i Flåm sentrum. Det blir lagt opp til gratisparkering første time for å sikre at ein får høve til å handle utan å betale avgift.

FRAMLEGG INVESTERINGAR			
Budsjettskjema 2A - investering	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Investeringer i anleggsmidler	18 862 014	88 000 000	82 150 000
Utlån og forskutteringer	805 000		
Kjøp av aksjar og andeler	589 466	350 000	350 000
Avdrag på lån	355 824		
Dekning av tidlegare års underskot	1 553 150		
Avsetninger	209 632		
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>22 375 085</b>	<b>88 350 000</b>	<b>82 500 000</b>
<b>Finansiert slik:</b>			
Bruk av lånemidler	3 995 000	10 947 500	20 750 000
Inntekter fra salg av anleggsmidler	343 835	0	10 500 000
Kompensasjon for meirverdiavgift	2 995 608	9 662 500	15 790 000
Tilskudd til investeringer	0	8 750 000	11 000 000
Mottekne avdrag på utlån og refusjoner	4 810 456	3 000 000	0
Andre inntekter			
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>12 144 899</b>	<b>32 360 000</b>	<b>58 040 000</b>
Overført fra driftsbudsjettet	1 650 000	160 000	160 000
Bruk av avsetninger	8 580 186	55 830 000	24 300 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>22 375 085</b>	<b>88 350 000</b>	<b>82 500 000</b>
Udekket/udisponert	0	0	0

FRAMLEGG INVESTERINGAR 2017 (skjema 2B)	Framlegg	Framlegg
	rådmannen	Formannskapet
ÅR	Budsjett	Budsjett
Tiltak	2017	2017
Opparbeiding Furuly, Lunde	15 000	15 000
Telemedisin	200	200
Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg	1 000	1 000
Barnehage	1 500	1 500
Universell utforming våtrom ABU	500	500
Renseanlegg Flåm sentrum	500	500
VA Klokkargården	700	700
Desifiseringsplan for Gudvangen (infrastruktur)	550	550
Hovudledning VA næringsareal Gudvangen	1 000	1 000
VA Viki - Fretheim	800	800
Symjehall	1 000	3 500
Terapibad	500	2 000
Vegutviding Onstad Bru (svingen på Onstadsida)	500	500
Turveg Heggviki - Bøen		500
Heradshuset	1 600	1600
Tilrettelegging og prosjektering bustadfelt Fretheimshaugane	5 400	5400
Skredsikring Heggviksvåi	1 500	1500
Opparbeiding Ty		2700
Overtaking Ytstebøen bustadfelt	1 750	1750
Smiebakken	7 000	7000
Parkering Flåm og Gudvangen	1 000	1000
Oppgradering Ryavegen		1000
Investeringar etter flaumen	20 000	20000
Kommunal andel etter flaumen	1 000	1000
Breibandutbygging Flåm	1 000	1000
Bustad flyktingar	2 500	2500
Tilrettelegging doareal Flåm	300	300
Utskifting gatelys	1 200	1200
Oppgradering av tursti Brekkefossen	1 000	1 000
Engasjement prosjektleiing invest	600	600
Garderobeanlegg rutebilstasjon	800	800
Skifte av køyretøy/maskiner	300	300
Tilrettelegging næringsareal		500
Breibandutbygging	1 500	1500
IKT - investeringar	1 050	1050
Gateadresser	200	200
Eigenkapitalinnskot KLP	350	350
<b>Sum tiltak:</b>	<b>73 800</b>	<b>82 500</b>

<b>Barnehage</b>	<b>1 500</b>
Avklaring av lokalisering av ny barnehage og utarbeiding av forprosjekt/anbudsgrunnlag	
<b>Universell utforming våtrom ABU</b>	<b>500</b>
Ominnredning av våtrom ABU, tilpassa universell utforming	
<b>Vatn og avløp</b>	
<b>Renseanlegg Flåm sentrum</b>	<b>500</b>
Gjennomføring av forprosjekt knyta til etablering av renseanlegg for avløp for Flåm. Dagens anlegg (slamavskiljar) har avgrensa kapasitet.	
<b>VA Klokkargården</b>	<b>700</b>
Utskifting av VA struktur i Klokkargården. Dette arbeidet er og ein lekk i arbeidet med å forsterke vassforsyninga mot Ty bustadfelt.	
<b>Desifiseringsplan for Gudvangen (infrastruktur)</b>	<b>550</b>
Sikringstiltak for vasskjelde for Gudvangen sentrum.	
<b>Hovudleidning VA – Næingsareal Gudvangen</b>	<b>1000</b>
Opparbeiding av VA struktur i tilknytning til bygging av Vikinglandsby og kajakkcenter	
Auke i kapasitet for Gudvangen vassverk.	
<b>VA Viki - Fretheim</b>	<b>800</b>
Samhandlingsprosjekt med Aurland Energiverk i samband med framføring av infrastruktur og el.anlegg og VA. El.anlegg gjeld framføring av el.foryning til ladestasjon for skip i Flåm.	
<b>Natur og idrett</b>	
<b>Symjehall</b>	<b>1000</b>
Oppstart av detaljplanarbeid/anbudsdokument for rehabilitering av symjehall.	
<b>Terapibad</b>	<b>500</b>
Oppstart av detaljplanlegging/anbudsdokument for terapibad itilknytning til nytt garderobeanlegg for symjehall.	
<b>Vegutviding Onstad Bru (svingen på Onstadsida)</b>	<b>500</b>
Vegutviding i samsvar med reguleringsplan for området, jf. vedtak om oreigning.	
<b>Byggeprosjekt</b>	
<b>Heradshuset</b>	<b>1 600</b>
Oppgradering av bygningsmasse. I 2017 vert det prioritert utskifting av yttertak og gjennomføring av tiltak for betre inneklime i bygningen.	
<b>Tilrettelegging og prosjektering bustadfelt Fretheimshaugane</b>	<b>5 400</b>
Opparbeiding av kommunaltekniske anlegg i samband med utviding av bustadfeltet.	

<b>Skredsikring Åtnes</b>	<b>1 500</b>
Gjennomføring av sikringstiltak som er prosjektert i 2016.	
<b>Overtaking Ytstebøen bustadfelt</b>	<b>1750</b>
Vidareføring av sikringsarbeid som følge av at Aurland kommune har overteke Ytstebøen bustadfelt.	
<b>Smiebakken</b>	<b>7 000</b>
Opparbeiding av kommunaltekniske anlegg og framføring av veg, knyta til privat utbyggar i feltet.	
<b>Parkering Flåm og Gudvangen</b>	<b>1000</b>
Førebuing av innføring av parkeringsavgift i Flåm og Gudvangen, og opparbeiding av parkeringsareal i Gudvangen	
<b>Flaumkatastofen 2014</b>	
<b>Investeringar etter flaumen</b>	<b>20 000</b>
Slutføring av prosjekt etter flaumhendinga i 2014, der Aurland kommune har motteke skjønsmidlar.	
<b>Kommunal andel etter flaumen</b>	<b>1 000</b>
Kommunal andel i slutføring av prosjekt etter flaumen 2014.	
<b>Breibandutbygging Flåm</b>	<b>1 000</b>
Montering av fiber i traseer som det er lagt ned trekkerøyr i 2016 i samband med andre anlegg etter flaumhendinga 2014.	
<b>Anna</b>	
<b>Tilrettelegging av torgareal i Flåm</b>	<b>300</b>
Justering av torgareal i Flåm, jf. Prosjekt for justering av torgområdet	
<b>Bustad for flyktingar</b>	<b>2500</b>
Innkjøp av ein mellombels bustad knyta til flyktingprosjekt.	
<b>Utskifting av gatelys</b>	<b>1200</b>
Gjennomføring av kontrakt med MESTA om utskifting av gatelysarmatur med overgang til LED.	
<b>Oppgradering av tursti Brekkefossen</b>	<b>1 000</b>
Slutføring av prosjekt som blei starta opp i 2016	
<b>Engasjement prosjektleiing invest</b>	<b>600</b>
Vidareføring av 2-årig engasjement i tilknytning til investeringsprosjekt	
<b>Garderobeanlegg rutebilstasjon</b>	<b>800</b>
Gjennomføring av planlagte tiltak i 2016.	
<b>Skifte av køyretøy/maskiner</b>	<b>300</b>
Utskifting av truck ved miljøstasjon.	
<b>Breibandutbygging</b>	<b>1 500</b>

Kommunal andel i nye tiltak for utbygging av breiband, jf. utarbeidd plan for breibandutbygging.

**IKT – investeringar**

**1 050**

Gjennomføring av utskifting av programvare og IKT utstyr.

**Gateadresser**

**200**

Gjennomføring slutføring av tildeling av gateadresser

**Eigenkapitalinnskot KLP**

**350**

Innbetaling av avtalt eigenkapitalinnskot i KLP



AURLAND KOMMUNE  
Formannskapet

## MØTEPROTOKOLL

**Møtedato:** 01.12.2016

**Møtetid:**

Kl. 12:00 - 17:15

**Møtestad:** Kommunestyresalen

**Saksnr.:**077/16-080/16

**Følgjande medlem møtte**

Anita Lærum

Leiv Jarle Bergheim

Noralv Distad

Monica Gjesdal Larsen

Sturle Ryum

**Parti**

A

A

H

MDG

SP

**Andre:**

Tor Mikkjel Tokvam (under deler av sak 079/16), Reinhardt Sørensen (under deler av sak 079/16)

<b>Møteleiar:</b>	Noralv Distad
<b>Frå adm. møte:</b>	Margunn Tolleshaug, Frank Westad, Reidar Johnsen
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	
<b>Synfaring:</b>	

**Merknader:**

Ingen merknad til innkalling og sakliste. Neste møte vert torsdag 15. desember 2016 kl. 10.00.

Underskrifter:

  

---

## Saksliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Gradering</b>
077/16	Godkjenning av møteprotokoll	
078/16	Referatsaker	
079/16	Budsjett 2017 Aurland kommune	
080/16	Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017-2020 og kommunal planstrategi 2016-2020 - vedtak av plan	



#### **077/16: Godkjenning av møteprotokoll**

Ingen merknader til møteprotokoll

#### **01.12.2016 Formannskapet**

**Handsaming i møte:**

#### **FS- 077/16 Vedtak:**

Ingen merknader til møteprotokoll

#### **078/16: Referatsaker**

Ingen merknader til referatsaker

#### **01.12.2016 Formannskapet**

**Handsaming i møte:**

Formannskapet ber om sak til første kommunestyremøtet i 2017: Gjennomgang av godtgjersle folkevalde.

#### **FS- 078/16 Vedtak:**

#### **079/16: Budsjett 2017 Aurland kommune**

#### **Rådmannen si tilråding:**

1. Driftsbudsjettet blir vedteke i samsvar med «driftsomversikt» i budsjettdokumentet.
2. Investeringar blir vedteke i samsvar med tabell «framlegg investeringar» i budsjettdokumentet.
3. Inntektsskatt og formueskatt blir sett i samsvar med vedteke statsbudsjett. Marginavsetning blir sett til 9 % av innbetalt skattebeløp.
4. I medhald av eigedomsskatteloven §2, §3 og kap 4 vert eigedomsskatten på «verk og bruk» å skrive ut med 7/1000 av takst. Eigedomsskatt forfell til betaling 10. april og 10. oktober.
5. Rådmannen får fullmakt til å fordele midlar frå avsett lønsreguleringsfond til einingane når lønsoppgjeret for 2017 er klart.
6. Alle gebyr er auka med forventa prisvekst på 3 % bortsett frå vatn og avløp som blir halde på same gebyrsats ut frå at ein ligg over sjølvkost på desse områda.
7. Renovasjonsgebyr til Simas vert auka med 4 %. Satsane blir i samsvar med

framlegg frå representantskapet i Simas.

8. Det blir teke opp lån til investeringar med kr 13.790.000. Rådmann får fullmakt til å inngå lånevilkår.

### **01.12.2016 Formannskapet**

#### **Handsaming i møte:**

Statistikk over kjøp av tenester frå private i Aurland kommune, historisk kostnadsutvikling med fokus på Pleie og omsorg 2016, konsulenttenester i Aurland kommune, historisk kostnadsutvikling og kostnader i Aurland kommune, historisk utvikling vart utdelt i møtet. Gjennomgang v/ Tor Mikkjel Tokvam.

Møtet vart lukka i samband med svar på spørsmål om kjøp av tenester frå private.

Innspel til budsjett 2017 frå utvala administrasjonsutvalet, omsorg, oppvekst og kultur, plan og utvikling, prosjekt-, drifts- og eigedomsutvalet og arbeidsmiljøutvalet vart delt ut i møtet.

#### **Innspela frå dei ulike utvala:**

Administrasjonsutvalet har følgjande innspel til budsjettframlegg 2017:

Prioriterte oppgåver i 2017

1. Ferdigstille sørviserklæringar
2. Organisasjons-, kompetanse- og bemanningsplan med føremål gode tenester, effektiv drift og betre evne til læring og omstilling
3. Gjennomgang av kjøp av konsulenttenester og tenester frå private med føremål innsparing

Omsorg, oppvekst og kultur har følgjande innspel til budsjettframlegg 2017:

1. OOK ynskjer ikkje at SFO skal vere stengt i feriar (heller ikkje i juli)
2. Vidareutdanning av lærarar må framleis vere prioritert på sikt.
3. OOK ynskjer at det framleis skal vere lærlingar både innan barne- og ungdomsarbeiderfaget og helsefagarbeidarfaget.
4. OOK ynskjer ikkje at barnehagane skal vere stengt i feriane, både barnehagane seg imellom, og SFO skal ha eit samarbeid, jfr vedtektene.
5. OOK ynskjer at Formannskapet ser på avtaleperiode, for tenestekjøp innan pleie og omsorg, med mål om å samordne drift av fleire tiltak eller organisere drifta i eigen regi.
6. OOK ber om at vedlikehald av bygg og utstyr i Dyrdal blir prioritert slik at skulane framleis kan gjennomføre leirskuleopphald i Dyrdal.
7. OOK ynskjer at PC og nettilgang ved Aurland barne- og ungdomsskule skal ha høg standard
8. OOK støttar framlegg om auka SFO-satsar på 25%
9. OOK ynskjer at Formannskapet ser nærare på brukarbetaling og utleigeprisar for kommunale husvær, og at endringar blir innarbeidd i gebyrheftet.

Plan og utvikling har følgjande innspel til budsjettframlegg 2017:

- Framskynde oppstart Heggviki - Bøen for å halde på kontinuerleg arbeid, 500 i 2017

- Opparbeiding Ty bør starte straks reguleringsplan er godkjent

Prosjekt-, drifts og eidegdomsutvalet har fylgjande innspel til budsjettframlegg 2017:

Som tilrådinga frå rådmannen med slikt tillegg/ending i investeringsbudsjett for 2017:

Symjehall	3 500
Terapibad	2 000
Turveg Heggviki – Bøen	500
Opparbeiding Ty	2 700
Næringsareal	500

Arbeidsmiljøutvalet har fylgjande innspel til budsjettframlegg 2017:

Arbeidsmiljøutvalet meiner at investeringar innanfor pleie og omsorg, er viktige for å sikre arbeidsmiljøet for tilsette, både i eldreomsorga og tilsette ved Vårdraum og Vetleli. Desse prosjekta bør prioriterast.

Andre prosjekt som er viktige for arbeidsmiljøet er investeringar i Heradshuset og barnehagen.

## **ENDRINGSFRAMLEGG I FORMANNSKAPET:**

### **Driftsbudsjett:**

Pkt. 1 som framlegget frå rådmannen med fylgjande merknadar og endringar:

Prioriterte oppgåver i 2017

A. Ferdigstille sørviserklæringar

B. Organisasjons-, kompetanse- og bemanningsplan med føremål gode tenester, effektiv drift og betre evne til læring og omstilling

C. Gjennomgang av kjøp av konsulenttenester og tenester frå private med føremål innsparing

Framlegg frå Noralv Distad: auke utbytte frå 8 mill til 10 mill

Røysting: 3 røyster

Politiske organ

- kostnadsreduksjonen for politiske organ vert redusert frå 400 000 til 200 000

- det vert lagt opp til færre møte

- utvalsmøte på dagtid vert vidareført

Sentraladministrasjonen

- innsparing 1 000 000

Aurland barne- og ungdomsskule

- ta innatt vidareutdanning på 20 000

- ta innatt 30 000 til å halde SFO open i skuleferiar

- ta innatt skulefrukt på 80 000

Kommunale barnehagar

- ta innatt ferieopne kommunale barnehagar på 375 000

Flåm skule

- ta innatt skulefrukt på 19 000

Helse og førebygging

- vidareføring av ressurs til kreftsjukepleiar

Barnevern

- kommunestyret sluttar seg til barnevernet sitt syn på at det er viktig å bruke ressursane meir på tvers av einingane, slik etaten sjølv har gjort greie for

Pleie og omsorg

- kommunestyret legg til grunn at innsparingar ikkje skal gå ut over kvaliteten på tenesta

Ansvar 900

- budsjettet for konsesjonsavgiftsfondet vert lagt fram for kommunestyret i første møte i 2017

Kyrkjeleg felleusråd

Endringsframlegg frå Monica Gjesdal Larsen: Reduserast med 70 000

Røysting: 1 røst

### **Investeringsbudsjett:**

Pkt. 2 som framlegget frå rådmannen med fylgjande endringar:

Kommunestyret ber om sak til kommunestyret om parkeringsavgift i Aurland kommune

Endringsframlegg frå Sturle Ryum:

Tilrettelegging av torgareal i Flåm på 300 000 vert sett til 0.

Røysting: Samrøystes

- 3 500 000 til symjehall (auke frå 1 000 000)

- 2 000 000 til terapibad (auke frå 500 000)

- 500 000 til turveg Heggviki - Bøen

Tilleggsframlegg frå Sturle Ryum:

1 000 000 til utbetring av Ryavegen

Røysting: Samrøystes

- 300 000 til tilrettelegging av toalett

- auke SFO satsane med 25%

- det vert teke opp lån til investeringar med kr 20 750 000

Framlegg frå Monica Gjesdal Larsen om nytt punkt:

Rådmann får fullmakt til å søkje dispensasjon om bruk av hamnekapitalen til almenntnyttige formål jf. Lov om havner og farvann §50.

Røysting: 2 røyster

Røysting over framlegg frå rådmann:

1. Samrøystes med slik endring:  
Endringsframlegg i formannskapet: samrøystes  
Endringsframlegg frå Noralv Distad om auka utbytte: 3 røyster

2.Samrøystes med slik endring:  
Endringsframlegg i formannskapet: samrøystes  
Endringsframlegg frå Sturle Ryum om å setje tilrettelegging av torgareal til 0: samrøystes  
Tilleggsframlegg frå Sturle Ryum om 1 000 000 til utbetring av Ryavegen: samrøystes

3.Samrøystes

4.Samrøystes

5.Samrøystes

6.Samrøystes med slik endring:  
Endringsframlegg i formannskapet om å auke SFO satsane med 25% : samrøystes

7.Samrøystes

8.Samrøystes med slik endring:  
Det vert teke opp lån til investeringar med kr 20 750 000

#### **FS- 079/16 Vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek driftsbudsjettet i samsvar med «driftsoversikt» i budsjettdokumentet, med fylgjande merknadar og endringar:

##### Prioriterte oppgåver i 2017

- A. Ferdigstille sørviserklæringar
- B. Organisasjons-, kompetanse- og bemanningsplan med føremål gode tenester, effektiv drift og betre evne til læring og omstilling
- C. Gjennomgang av kjøp av konsulenttenester og tenester frå private med føremål innsparing

- auke utbytte frå 8 mill til 10 mill

##### Politiske organ

- kostnadsreduksjonen for politiske organ vert redusert frå 400 000 til 200 000
- det vert lagt opp til færre møte
- utvalsmøte på dagtid vert vidareført

##### Sentraladministrasjonen

- innsparing 1 000 000

##### Aurland barne- og ungdomsskule

- ta innatt vidareutdanning på 20 000
- ta innatt 30 000 til å halde SFO open i skuleferiar
- ta innatt skulefrukt på 80 000

Kommunale barnehagar

- ta innatt ferieopne kommunale barnehagar på 375 000

Flåm skule

- ta innatt skulefrukt på 19 000

Helse og førebygging

- vidareføring av ressurs til kreftsjukepleiar

Barnevern

Kommunestyret sluttar seg til barnevernet sitt syn på at det er viktig å bruke ressursane meir på tvers av einingane, slik etaten sjølv har gjort greie for

Pleie og omsorg

Kommunestyret legg til grunn at innsparingar ikkje skal gå ut over kvaliteten på tenesta

Ansvar 900

- budsjettet for konsesjonsavgiftsfondet vert lagt fram for kommunestyret i første møte i 2017

2. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet i samsvar med tabell «framlegg investeringar» i budsjettdokumentet, med fylgjande endringar:

- sak til kommunestyret om parkeringsavgift i Aurland kommune

-tilrettelegging av torgareal i Flåm på 300 000 vert sett til 0

- 3 500 000 til symjehall (auke frå 1 000 000)

- 2 000 000 til terapibad (auke frå 500 000)

- 500 000 til turveg Heggviki - Bøen

- 1 000 000 til utbetring av Ryavegen

- 300 000 til tilrettelegging av toalett

3. Inntektsskatt og formueskatt blir sett i samsvar med vedteke statsbudsjett.

Marginavsetning blir sett til 9 % av innbetalt skattebeløp.

4. I medhald av eigedomsskatteloven §2, §3 og kap 4 vert eigedomsskatten på «verk og bruk» å skrive ut med 7/1000 av takst. Eigedomsskatt forfell til betaling 10. april og 10. oktober.

5. Rådmannen får fullmakt til å fordele midlar frå avsett lønsreguleringsfond til einingane når lønsoppgjeret for 2017 er klart.

6.SFO satsane aukar med 25%. Alle andre gebyr er auka med forventta prisvekst på 3 % bortsett frå vatn og avløp som blir halde på same gebyrsats ut frå at ein ligg over sjølvkost på desse områda.

7. Renovasjonsgebyr til Simas vert auka med 4 %. Satsane blir i samsvar med framlegg frå representantskapet i Simas.

8. Det blir teke opp lån til investeringar med kr 20 750 000. Rådmann får fullmakt til å inngå lånevilkår.

**080/16: Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017-2020 og kommunal planstrategi 2016-2020 - vedtak av plan**

**Rådmannen si tilråding:**

Kommunestyret vedtek kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 – 2020 og kommunal planstrategi for 2016-2019, i medhald av plan- og bygningslova §§10-1, 11-1 og 11-4, samt kommunelova §44.

**01.12.2016 Formannskapet**

**Handsaming i møte:**

Tilleggsframlegg i formannskapet:

Som tilråding frå rådmann med slik endring: justert i høve budsjettframlegg for 2017.

Røysting

Framlegg frå rådmann med tilleggsframlegg: Samrøystes

**FS- 080/16 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017-2020 og kommunal planstrategi for 2016-2019, i medhald av plan- og bygningslova §§ 10-1, 11-1 og 11-4, samt kommunelova§44, justert i høve budsjettframlegg for 2017.

Samrøytes